

## **Kva for spørsmål og problemstillingar må tilvising til rehabilitering i privat rehabiliteringsinstitusjon gi svar på?**

### **Huskeliste for fastlegar og avtalespesialistar**

1. Du tilviser til rehabiliteringsinstitusjon i *spesialisthelsetenesta*
2. Kva for tiltak er prøvd ut lokalt, i fyrstelinetenesta, og kva for effekt hadde desse?
3. Pasienten sin diagnose og generelle funksjonsnivå
4. Pasienten sin arbeids/sjukemeldingsstatus
5. Angi problemstillinga (bakgrunn for tilvising) så konkret som mogleg
6. Angi pasienten sitt konkrete mål for rehabilitering  
"opptrening/rehabilitering" er for lite spesifikt)
7. Legg ved epikrise(r) frå tidlegare opphald på rehabiliteringsinstitusjon
8. Når pasienten tidlegare har hatt opphald på rehabiliteringsinstitusjon:
  - Kva har lokale oppfølgingsopplegg bestått av?
  - Har det oppstått ei ny problemstilling?
  - Har pasienten sett seg nye mål?

**Avlasting/rekonvalesens:** Tilvising til avlasting, enkel rekonvalesens eller der sosial isolering er hovudproblemet, vil ikkje bli vurdert for rehabiliteringsopphald i spesialisthelsetenesta.  
Slike tilvisingar vil bli avvist.

**Psykiske lidingar/rus:** Tilvising der psykiske lidingar eller misbruk av rusmiddel er hovudgrunn vil ikkje bli vurdert for rehabiliteringsopphald i privat rehabiliteringsinstitusjon (somatikk).

**Postoperative rehabiliteringsopphald:** Tilvising for postoperative opphald for planlagt men ikkje gjennomført operasjon, kan ikkje vurderast ved Regional vurderingseining for rehabilitering. Sjukehus kan tilvise pasientar som trenger rehabilitering etter operasjon eller anna medisinsk behandling, direkte til rehabiliteringsopphald i spesialisthelsetenesta.

**Sjukelig overvekt:** I Helse Vest skal tilvisingar som gjeld sjukelig overvekt vurderast ved helseføretaket der pasienten bor.

Revidert November, 2014  
Matthias Hutler  
Medisinsk faglig ansvarlig overlege  
Regional vurderingseining for rehabilitering